



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
101/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	31.10.2016
	Kommunestyret	PS	

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Truls Morten Kaland	FE - 151	15/1109

TERTIALRAPPORT 2.TERTIAL 2016

Vedlegg:

Tertialrapport 2.terial 2016

Forvaltningsrevisjon Heimetenesta 2015 - Attendemelding til kommunestyre pr. 2 tertial 2016

Vaksdal kommune - rapport aksjer og obligasjoner - pr. 31.08.16

Vaksdal kommune - rapport gjeldsporteføljen - pr. 31.08.16

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tertialrapport pr 2.terial 2016 vert godkjent.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2016:

Budsjetterte renteutgifter vert redusert med 2 mill frå 7,7 mill til 5,7 mill. Budsjetterte skatteinntekter vert auka med 2 mill frå 95 mill til 97 mill.

Tenestemråde Helse og omsorg får auka ramme med 4 mill frå kr 122.814.877,- til kr 126.814.877,-.

Rådmannen får fullmakt til å innarbeide budsjettjusteringane.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på investeringsbudsjettet for 2016:

Auke i investeringsbudsjett: Utbetring pga muggsopp i Heradshuset, kr 400.000,-. Ombygging Vaksdalsgården, kr 200.000,-. Senterplassen, kr 220.000,-.

Finansiering: Reduksjon Investering skulebygg, kr 400.000,-. Reduksjon Branntiltak Vaksdal senter, kr 200.000,-. Reduksjon Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø, kr 220.000,-.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 101/2016

FPØ - Behandling:

Økonomisjefen orienterte.

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Tertialrapport pr 2.tertial 2016 vert godkjent.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på driftsbudsjettet for 2016:

Budsjetterte renteutgifter vert redusert med 2 mill frå 7,7 mill til 5,7 mill. Budsjetterte skatteinntekter vert auka med 2 mill frå 95 mill til 97 mill.

Tenesteområde Helse og omsorg får auka ramme med 4 mill frå kr 122.814.877,- til kr 126.814.877,-. Rådmannen får fullmakt til å innarbeide budsjettjusteringane.

Det vert gjort følgjande budsjettendringar på investeringsbudsjettet for 2016:

Auke i investeringsbudsjett: Utbetring pga muggsopp i Heradshuset, kr 400.000,-. Ombygging Vaksdalsgården, kr 200.000,-. Senterplassen, kr 220.000,-.

Finansiering: Reduksjon Investering skulebygg, kr 400.000,-. Reduksjon Branntiltak Vaksdal senter, kr 200.000,-. Reduksjon Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø, kr 220.000,-.

Saksopplysningar:

Rådmannen rapporterer til kommunestyret på vedteke budsjett og økonomiplan, gjennom tertialrapporter pr. april, pr. august og pr. desember gjennom årsrekneskap og årsmelding.

Driftsbudsjettet:

2016 er eit krevjande år for Vaksdal kommune der mange av dei store inntektene har vorte kraftig redusert frå tidlegare år. Vaksdal kommune er inne i ei omstilling, og i gjeldande økonomiplan er det vist til omfattande endringsbehov der einingane må redusere ressursbruken til dei gitte økonomiske rammene. Omstilling av tenesteapparatet og tilpassing til budsjetttrammer er krevjande, og innafor tenesteområde Helse og omsorg er det større avvik pr 2.tertial. Det er sett i verk tiltak som gjer at avviket pr 2.tertial ikkje auker fram mot 31.12, men det er likevel venta eit avvik her på 4 mill ved årets slutt.

På inntektssida er det høgare skatteinngang enn budsjettert. Det er framleis god lokal og nasjonal skatteinngang, og vi kan forvente at samla skatt og inntektsujvanning vert om lag 4 mill høgare enn budsjettert. I tillegg er det noko meir i eigedomsskatt enn budsjettert. Lave renter medfører at det vert innsparing på renteutgifter i forhold til budsjett på om lag 2,7 mill.

Vi legg opp til at meirforbruk på einingane kan finansierast av meirinntekter frå skatt og innsparing på renteutgifter.

Investeringsbudsjettet:

Pr 2.tertial er det ikkje nytta mykje på investeringsbudsjettet, spesielt er det nytta lite prosjekta innafor vassverk og avlaup.

På nokre av prosjekta er det trong for å omfordele budsjettmidler:

- Det er gjennomført målingar på fukt/soppsporar i 5.etasje på Heradshuset. Prøvene viser store utslag og kalkyle for utbetring er 0,4 mill. Det vert forelått å omdisponere 0,4 mill frå prosjektet «Investeringar Skulebygg» for å dekke dette.
- Ombygging av Prestebustad (prosjekt «Ombygging Vaksdalsgarden 10») vert noko dyrare

enn tidlegare antatt, og det vert foreslått å omdisponere 0,2 mill frå prosjekt «Branntiltak Vaksdal senter».

· Det er behov å meir midler til prosjekt «Senterplassen». Det er her nytta 0,22 mill meir enn budsjett, og det vert forelått å omdisponere 0,22 mill frå prosjekt «Andre møteplassar/grøntanlegg/nærmiljø».

Finansforvaltning:

Som ein del av tertialrapporten er også rapportering for finansforvaltninga. Bergen Capital Management (BCM) forvalter aktiva og passiva for Vaksdal kommune, og rapportar pr 2.tertial er vedlagt.